

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 4

April 1972

8. årgang

Den angrende sjel

Av Christian Scriver

De som blir omvendt til Gud vet, at de har Guds nåde alene å takke for sin omvendelse. «Det står ikke til den som vil. Heller ikke til den som løper, men til Gud som gjør miskunnet.» (Rom. 9, 16). På den annen side vil de uomvendte måtte erkjenne at intet annet enn deres vantro er skyld i deres usalighet. Gud er god og barmhjertig. Han tilbyr også de uomvendte og gjenstridige sin nåde.

Den som omvender seg til Herren, får sine synders forlatelse. Den sanne omvendelse til Gud fører med seg en hel forandring av det syndige hjerte. Dette virkes av Guds Ånd, Guds nåde og Guds ord. Synderen får en smertelig anger og sorg over sine synder og en inderlig tillit til sin Frelser og hans forsoningsverk. Han får også en levende trang til å vandre i et nytt og helligt liv.

Angeren og troen på den Herre Jesus Kristus er omvendelsens innerste sjel. Ikke hos alle finnes like stor anger og samvittighetsnod. Men enhver som i sannhet blir omvendt til Gud, får snake noe. Det syndige hjerte må bli sonderslått før det kan ta imot evangeliets trøst. Et botferdig hjerte finner at den straff for synden som Gud har gitt ham, er helt rettferdig. Han sier som profeten: «Herrrens vrede vil jeg bære, thi jeg har syndet mot ham.» (Mika 7, 9). Han blir bedrovet etter Gud. Han kan ikke glemme sine synder. Satan anklager ham, og samvittigheten fordommer ham. Men i denne anger over syn-

den fødes i hans hjerte troen på den Herre Jesus Kristus, som Gud har fremstillet som en nådestol i hans blod. Det er ikke godt å si hvor lenge angeren varer og når troen begynner. Angeren virkes ved loven. Troen fødes ut av evangeliet. Men skjønt lov og evangelium er vidt forskjellige, ligger de hinna nært i det botferdige hjerte. Angeren virker hat til synden, og troen virker kjærlighet til Gud i hjertet. Her skulle vi prøve oss selv. Der er en omvendelse og en kristendom som djevelen liker. Sjelefonden styrter tusener sjeler i fordervelsen når han innbiller dem at de er botferdige syndere og lever i Kristi samfunn, skjønt de aldri har felt en tåre over sine synder.

Guds troende barn trenger en daglig omvendelse. De har vel forlatt synden, men synden har ikke forlatt dem. Det helligste liv er ikke uten synd. På den mest fruktbare aker gror der ugress blant hveten. Guds barns liv blir en stadig omvendelse. Hos Guds sanne barn finnes en anger og bedrøvelse også over hjertets skjulte synder. Skal Jesu blod virkelig rense meg fra synder! En slik synder som jeg fortjener ikke en slik stor nåde. En botferdig sjel vil si som David: «Jeg har syndet mot Herren». Men han vil også få den samme trøst som han: «Så har Herren borttatt din synd» (2. Sam. 12, 13).

Hyklerne vil også innbille seg at de angrer sine synder. De tror det er gjort med et sukk

og med å lese en bønn av en bok. Så vil de ha frihet til å ture frem i synden. De kan jo så lett omvende seg. Disse mennesker bedrar seg selv og vet ikke hva synd og anger, tro og omvendelse, nåde og synderes forlattelse er. De har ikke noe bruk for evangeliet. De trenger ikke Kristus. Verdslige bøker setter de langt mere pris på enn de hellige skrifter. De ligner mette barn som leker med det beste brød, bryter det i stykker og trår det under sine føtter.

Det skal vise seg av fruktene i livet om et menneske er omvendt til Gud. Angeren føder et hellig hat til synden, og troen en fast beslutning om å tjene Gud i hellighet og rettferdighet.

De oppriktige sjeler vil ofte tro at de ikke i sannhet kan være omvendt til Herren. De føler så liten smerte over synden. Hjertet er så koldt og bønnen er så sløv. Det er et godt

tegn på et botferdig hjerte når det ikke er fornøyet med sin egen omvendelse. De tunge grener som bærer mest frukt, bøyer seg dypest til jorden. Den som er minst fornøyet med seg selv, han er mest tilfreds med Herren. Hva Gud ser etter, er ikke hvor stor eller liten anger du har. Han ser etter om der er sannhet i hjertets innerste. Vi får ikke våre synders forlattelse for vår angers skyld, men ene og alene for Kristi blods skyld.

Angeren over synden gjør bare hjertet mot-takelig for Guds nåde. Får den Hellig ånd gitt deg stinget i hjertet, vil du lytte til evangeliets forkynnelse om syndenes forlattelse. Ditt liv vil bli et liv i anger og bot, og du vil ved Guds nåde øve deg i gudfryktighet. Din daglige bønn vil bli : «Gud skap i meg et rent hjerte og forny en stadig ånd inne i meg.» Salme 51, 12).

Etter For Fattig og Rik. Innsendt.

Hva er kristendom ?

Av Øyvind Andersen

Vi holdt på å snakke om at mennesket er skapt i Guds bilde. Og vi talte om at vi kan tale om gudbildeligheten rent sjenerelt — i sin alminnelighet — og det karakteriseres med ett ord: personliv. Menneske skapt i Guds bilde er derfor en person.

Men vi nevnte også at gudbildeligheten kommer til uttrykk mere spesielt, og på tre måter: I menneskets gudsforhold, den religiøse gudbildelighet, i menneskets inbyrdes forhold som mann og hustru, den sosiale side ved gudbildeligheten, og for det tredje at mennesket er skapt til å underlegge seg jorden, den kulturelle side ved gudbildeligheten.

Vi hadde begynt å nevne mere om det andre, og det skal vi fortsette med i dag. Men

la oss nå først lese igjen det som står i 1. Moseb. i kap. 1, 26—27 : Og Gud sa : La oss gjøre menneske i vårt bilde, etter vår lignelse, og de skal råde over fiskene i havet, over fuglene under himmelen, og over feet og over all jorden og over alt kryp som rører seg på jorden. Og Gud skapte mennesket i sitt bilde, i Guds bilde skapte han det, til mann og kvinne skapte han dem.

Vi hører her at menneskets skapelse som mann og kvinne er etter selve Guds skaperplan. Det er så underlig, som vi også talte om sist, flertal og ental går om enannen her. Gud skapte mennesket, det er ental, i sitt bilde, og videre slutter det med å si : Til mann og kvinne skapte han dem. Altså mennesket er menneske etter Guds plan, først

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Arnund Lid, tlf. 75. Norheimsund
 Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
 Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med frivillige gaver

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
 boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69
 Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
 postgiro nr. 68213
 Bankgiro : Vikøy Sparebank,
 Norheimsund 3530.07.09492
S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

som mann og kvinne. Du skjønner at ekteskapet, samfunnet mellom en mann og en kvinne, hører med til virkeligjørelsen av Guds plan med mennesket. Det er, som vi sluttet vår forrige leksjon med å peke på, ikke noen nødsforanstaltning som er blitt til på grunn av menneskets synd, men uttrykk for selve menneskets vesen. Dette er meget viktig. Vi finner ikke et så opphøyet syn på ekteskapet andre steder enn i Bibelen. Ekteskapet, brukes som intet annet brukes, som et bilde på forholdet mellom Gud og den frelseste menighet. Det tales om menigheten som Lammets hustru, og foreningen mellom Kristus og menigheten som Lammets bryllup. Intet annet forhold på jorden er funnet verdig til en slik sammenligning. Og Efeserbrevets femte kap. taler om forholdet mellom mann og hustru som et bilde på Kristus og menigheten. Dette sier ganske meget om Bibelens syn på ekteskapet.

Dette er meget nødvendig å ta frem i dag, for du skjønner at ekteskapet er et samfunn mellom en mann og en kvinne. Det må vi gi akt på. Og før vi går videre, vil jeg få under-

streke at i og med det er slik, har Gud satt et skille mellom mann og kvinne utenom ekteskapet. Det ligger i sakens natur. Like sikkert som ekteskapet er samfunn og samliv mellom en mann og en kvinne, like sikkert er det at utenom ekteskapet er et hellig skille mellom mann og kvinne.

Det er nødvendig å pressisere det i dag, av hensyn til at mange missforstår det sjette bud, som lyder slik etter den hebraiske teksten: Du skal ikke bryte ekteskapet.

Eller helt nøyaktig: *Bryt ikke ekteskapet.* Det er selve ordlyden i det sjette bud på hebraisk.

Mange mener da at dette budet bare har aktualitet for dem som allerede er kommet i ekteskap. Man kan jo ikke bryte et ekteskap som ikke er innstiftet, blir det sagt. Men de som sier det, de forstår ingenting av Bibelens syn, i hvertfall. For det er klart at synd mot det sjette bud kan prinsipielt skje på to måter, etter Guds ord. Den ene måten er å opp löse et ekteskap som består. *All skilsmisse er synd, etter Guds ord.* Det vil jeg gjerne ha sagt så sterkt som det går an. Det hjelper ikke at den borgerlige lov tillater det. Det hjelper ikke en gang at Moseloven tillot skilsmisse under visse forhold. Jesus sier om det, at det var for eders hårde hjerters skyld at Moses tillot eder det. Fra begynnelsen av har det ikke vært slik, sier han. Har dere ikke lest at han som skapte dem, fra begynnelsen av, understrekker han, fra begynnelsen av skapte dem som mann og kvinne, og sa: Derfor skal mannen forlate sin far og mor og holde seg til sin hustru, og de to skal være et kjøt. Dette er Jesu ord, og du finner dem igjen i Matt. evangelium kap. 19. Skilsmisse er altså synd, etter Guds ord, og kommer alltid til å være det, uansett hva menneskene sier.

Der er bare et unntak, der hvor det allerede er skjedd en synd i ekteskapet, og den som har syndet ikke vil omvende seg. Altså det som Jesus sier: Uten for hors skyld. Hvor

den ene part har syndet i et ekteskap, påbyr altså Jesus ikke skilsisse, det være langt fra å si. Det beste ville jo være om den part som har syndet omvender seg, og at forholdet mellom ektefellene kan bli godt igjen. Men hvor dette ikke kan skje, eller vil komme til å skje, der tillater Jesus skilsisse. Men det er også det eneste tilfelle hvor det tillates.

Og det blir sagt at en mann som gifter seg med en fraskiltt kvinne, han driver hor. Vi må holde oss til Bibelen, for det er den som gir oss syn for hva som er rett og galt etter Guds vilje i disse ting. Vi kan ikke spørre mennesker, ikke teologer, ikke prester, jeg holdt på å si at vi skal ikke la oss fordumme av teologer i slike spørsmål, men holde seg til det som står skrevet. Og det er meget klart, at all skilsisse er synd. Dette er den ene måten, som synd mot det sjette bud kan skje på.

Men det er også en annen måte. Man kan overtræ den skillelinje som er satt mellom mann og kvinne utenom ekteskapet. Det er også å drive hor. Ved å overtrent den skillelinjen, så krenker man selve ekteskapet etter den Guds ordning som dette er. Den kan krenkes på mange vis. Man kan krenke den ved sine ord, ved utuktig tale, ved lettsindig og simpel tale, det som Bibelen kaller råtent snakk, og som kristne mennesker advares meget sterkt imot. Og jeg vil be deg, som leser dette og er en kristen, aldri å delta i den vitsingen omkring det sjette bud. Akkurat som om det skulle være så morsomt dette som har med krenkelse av det sjette bud å gjøre. Jeg kan ikke se hva som er morsomt ved det. Og det er ikke for ingenting vi advares så sterkt mot all slik tale i Guds ord.

Men denne skillelinje kan også overtredes ved en ferd, for eks. ved klesdrakt eller på annen måte som krenker den naturlige bluerdighet, og som er med på å oppegger lyster, hvor de ikke skal egges opp. Vi må være oppmerksomme på det, og det får ikke hjelpe om de sier vi er gammeldagse, for det

er sant at dette er gammeldags. Det går nemlig tilbake på Guds egen rådslutning med oss. Jeg er så gammeldags, at det vedkjenner jeg meg for Gud og mennesker, at det går tilbake til Guds rådslutning med mitt og andre menneskers liv. Noe annet vil jeg ikke vite av, og det forkynner jeg med stor frimodighet.

Videre når vi snakker om å krenke skillelinjen mellom mann og kvinne utenom ekteskapet, så er det å leve sammen som om de var ektefolk før de er gift, det er klart at det er synd, etter Guds ord, og det burde ikke diskuteres blant kristne mennesker. Det blir ofte gjort, desverre, men lat det i allfall være klart sagt her: Etter Bibelen, etter Guds ord, er det synd! Man skal ikke ha unnskyldning for å ikke vite det.

Med det er vi altså tilbake til ekteskapet som en Guds ordning, og vi skal se litt videre på dette i vår neste leksjon.

Stedfortredaren

Av Odd Dyrøy

Namnet stedfortredaren står ikke direkte skrive i Bibelen. Men det står fleire andre namn som tyder det same, som menneskesonen, øysteprest, offerlammet osv. Josef er vel eit fyrebilete på frelsaren, og i hans liv kjem stedfortredargjerningen klårt fram. Korleis Jakob hadde Josef kjær, men også korleis han blei hata og til sist seld av sine eigne brør. Han blei den som dei hatefulle brørne til slutt måtte søkja livberging hjå. Gleda blei nok stor då Jakob fekk høyrá at sonen levde, ja, altfor stort til å kunna tru. Men det var likevel sant.

Også Gud forkynner om sin son — Jesus Han lever! Tenk vår stedfortredar lever! Hans hatefulle brør, domen over synda, Guds vreides skål kunne ikkje halda han fast i døden. Berre tre dagar etter sin død kjem

han og seier til sine redde brør: Fred være med dykk! Til Timoteus skriv Paulus: For det er ein Gud og ein mellommann mellom Gud og menneske, mennesket Jesus Kristus, han som gav seg sjølv til ein løysepeng for alle, eit vitnemål i si tid.

Jesus som menneske blir vel æra i dag som aldri før. Han er hippien sin mann, fordi han gjekk ein veg som var imot skikk og bruk. Han er også dei narkomane sin mann, for Jesus gjekk inn til tollarar og syndarar. Jesus vil mange ha med i klubbar og lag, endå til på dansegolvet, for han var så bra eit menneske. Jesus er det store idealet, som var god mot alle, og som kom for å visa oss korleis me skal leva og vera gode mot kvarandre. Mange vil ha Jesus som fyrebilete, som sigerhelten. Så langt kan mennesketanken gå, og det naturlege menneske fylgja med. På dette grunnlag får Jesus tilhengjarar. For i vår tid er det populært å vera imot, og å dela kår med ein som var missforsått av si samtid. Jesus er helten, mannen vi skal fylgja og likna, i klær, hår og sjegg. Vi vil vera hans læresveinar.

Denne flokken veks fort frå år til år, utan serleg motstand frå verda og det religiøse lag av folket. Her må me ikkje gløyma Jesus sine eigne ord: Eg er ikkje komen for å avlysa lova, men for å oppfylla den. Jesus avlyste ikkje det kravet om fullkomenskap som lova set. Nei, han oppfylte det i min og din stad.

Her er det ordet om stedfortredaren kjem inn. Ein i vår stad, ein som var, gjorde og oppfylte alt lova krev av oss. Me høyrer alle til ei slekt som ikkje vil eller kan lyda Guds lov. Både eg og du har berre møtt han med vår synd, og voldt han moya med våre missgjerningar. Alle våre æresrop til han, all vår innsats for å vera han til æra, den fell som hoy og strå til jorda. Alt som kjem av vår eiga natur kan berre trøytta han. For ikkje noko av det som kjem frå vårt hjarta, vår tanke, vår munn eller ved vår gjerning er

fullkome. Dermed blir det alt verdilaust og forkasta av Gud. De har berre trøytta meg med synd, seier Herren.

Men vi har fått ein frelsar, som forlikte verda med Gud ved å gi sitt liv og blod i døden for oss. Han hadde evner og krefter til å leva det fullkomne liv, og det levde han for oss. Han var til hugnad og glede for Gud i alle ting. «Hva ingen annen i verdne kunne, det både ville og kunne han.»

Alt det han var og er ved sin død og ved sitt liv, har han gitt fullt og heilt til denne syndefulle slekta. *Det er for alle, men over alle som trur.* Det vil seia at berre dei som trur på denne Jesus, blir frelst og får nytte av Guds gåva til slekta. Trur du på den krossfesten og oppstadne Jesus, er du fornøygd med han? Gud er fornøyd med Jesus!

Her er det at anstøtet kjem inn. For alt det som mennesket er, gjer og kan visa til blir stengt inn under synd. For det finst ingen forskjell, alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdigjorde ufortent av hans nåde ved utlösinga i Kristus Jesus. Her er det at menneske går feil, for dei vil ha Jesus som ideal og hjelpar. Men det er ikkje nok for oss som manglar alt for Gud. «Min betre eller verre stund dog like er for deg, for hver en stund jeg syndig er — Gud se ei på meg!» Nettopp i dei beste verka kan eg aller klårast merka: «Syndig er mi sjel i meg. Så eg lyt med tårer læra. Eg som mykje synest vera — som eg ikkje er for deg.» Berre det hjarta som har sett og erkjent dette, har bruk for ein stedfortredar.

Så nokre ord om kva som er gitt oss i denne personen. Men alt dette er av Gud, som forlikte verda med seg sjølv, så han ikkje lenger tilreknar dei missgjerningane deira — Den som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så me skal verta rettferdige for Gud i han (2. Kor. 5, 18-21).

Vil du ta tid til å lesa salme 103, så skal du få sjå noko av alt det som stedfortredaren har gjort for deg, gitt deg, og framleis gjer

for deg. Han som tilgjev all di skuld, som løyser ditt liv frå evig død, som kryner deg med nåde og miskunn. Han som ikkje gjer med oss etter våre synder, og som ikkje gjev oss det me er verde for våre misgjerningar.

Så langt borte som aust er frå vest, let han våre misgjerningar vera borte frå oss!

Det er ikkje rart at David byrjar salmen med orda: Lova Herren, mi sjel og alt som i meg er, lova hans heilage namn! Skal du og eg til å seia: Gud vere takk for si useieleg store gāva!

«Har ditt blod slukt vredens ild, O så før meg som du vil».

Korleis bli viss i si frelse

Av Josef Nilsen

Då mange går med det ynskje å bli meir viss i si frelse, blei eg minna om å prøva skriva litt om dette.

Me må då gå til Guds ord for å få vita kva det seier om ei så viktug sak. Me les då først frå 1. Johs. 5, 11—13. Vers ti tek då til med å gjera klårt at dei som trur på Jesus — Guds son —, dei har eit vitnemål i seg sjølv. Her er det Guds ånd som vitnar med vår ånd at me er eit Guds barn.

Så hender det så ofte for ein kristen at han byggjer si vissa på denne Åndens verknad i hjarta. «På nåden i mitt hjerte, en tid jeg støttet meg», vitnar Rosenius. Byggjer du der? Då har du nok opplevt det som Rosenius seier seinare i songverset: «Men snart ved syndens smerte min trygghet tapte seg.» Og trua di blei borte. Me er slik laga at me helst vil kjenne inne i oss at livet er der.

Men kva les me i vers 11: «Og dette er vitnemålet at Gud *hev gjeve oss* æveleg liv, og dette livet er i son hans.» Her vil me streka under at det evige livet tok me imot då me fekk tru bodskapen om Jesus som vår forsonar og stedfortredar. Det er ikkje slik at me først ein gong når me kjem til himmelen tek imot det evige livet. Nei, det er her og nå — hos deg som har Sonen — Jesus. Merk deg orda: «*Dette livet er i son hans!*»

Når Gud må ta bort den følbare nåde sin

verknad i våre sjeler, då er det fordi han vil føra oss fram til ein tryggare grunn å byggja vår frelesevissa på. Høyр kva det står i det 13. verset: «*Dette har eg skrive til dykk, so de skal vita at de hev evigt liv, de som trur på Guds sons namn.*»

Når det står at dette har eg skrive, så gjeld det ikkje berre dei fire orda, men alt som er skrive om Jesus i Bibelen om hans død og soning for våre synder osv. Her ligg løyndomen til vissa i vårt forhold til Gud. Og av dette verset går det fram at *det skrivne ordet skapar visse i hjarto våre*. Den Heilage Ande legg Ordet inn i vår sjel, og me ser oss frelst i og ved Jesus.

I Hebr. 10, 1 står det slik: «*Men tru er full vissa om det som ein vonar.*» Altså er her tru og vissa sagt å vera det same. I hebr. 3, 14 står det om å halda fast på vår første fulle vissa heilt til enden. Trur du at du kunne makta det? Nei, visseleg ikkje, om ordet blir forstått som eit lovkrav.

Her vil eg gjerne få sagt til oss som talar eller skriv Guds ord til andre. Me talar om å høyrá, og at trua kjem av å høyrá Guds ord, og me blir ofte opptekne av å tala om ei død tru eller ei levande tru. Men ei slik forkynning skaper ikkje hverken tru eller vissa. Jesus er trua sitt opphav og trua sin fullendar, og berre når ordet om Jesus, ordet om krossen, ordet om Jesu fullførde frelse

som han vann oss med siitt blod, blir ropa ut blir trua og vissa tent der inne i sjela. Den blir skapt ved evangeliet, for den var der jo ikkje før.

Men det skal stor nåde til å måla Jesus som krossfest for sjelene, for sjelefienden forsøker av all si makt å halda denne bodskapen borte frå vår munn.

Til slutt i denne betraktinga tek me med nokre ord frå Hebr. 12, 2 : «*Med di me ser på upphavsmannen og fullendaren til trua, Jesus*». Han tok til med å gi deg trua, og han har lova å fullføra ho. Eg veit kven eg har sett mi tru til, vitnar apostelen Paulus for Timoteus.

For oss ligg det ein fåre i det å bli oppteken med vår tru eller vår vissa, om den er sterkt eller svak osv. Men ordet ovanfor visar at det er *kven* me trur på, eller set vår lit til, som avgjer heile saka om mi og di frelse.

Tenk om du fekk leggja bort alt ditt strev

etter å eiga ei større tru, og ei større og meir følbar visse, og heller blei oppteken med Jesus og Ordet om han. Les det skrivne ordet om alt det han har gjort for deg, og alt det han er for deg, i sin store og evige kjærleik til deg. Og ei djup og sterkt vissa skal vaksa fram i di sjel, ein fred som overgår alt vit vil fylla ditt sinn.

Kvifor? Jau, det skrivne ord har overbevist deg om at Guds vitnemål er sant når han vitnar om Sonen.

Lat så vera at vissa inne i oss vekslar. Under anfekting, freusting og fall i synd spør du gjerne : *Kan eg vera eit Guds barn, eg som er slik?*

Høy igjen : «*Dette har eg skrive, så de skal vita at de har evigt liv, de som trur på Guds sons namn*». Ta dette eine ordet oppatt : HAR, HAR, HAR evig liv i Jesus. Berre i han åleine. *Der er og blir mi salige vissheit*, og berre der finn også du han.

Det åttande bodet

Du skal ikkje vitna rangt mot nesten din (2. Moseb. 20, 16).

Slik lyder det åttande bodet, og det er vel eit av dei boda som er minst akta på og oftast synda imot. Falskt vitnemål går ut over nesten sitt gode namn og rykte, og det er vel meir verdfullt for eit menneske å ha eit godt namn og omtale blant folk enn pengar og jordisk eigedom. Andre menneske sitt vitnemål og omtale, det kan både opna veg og stengja for oss. Eit falskt vitnemål, er som oftast vondt, og då skjemmer det ut namnet og stengjer vegn for det menneske. Også eit godt vitnemål kan vera falskt, og då blir det eit vondt vitnemål for det menneske som ikkje kan svara til vitnemålet. *Eit vitnemål må vera sant, ellers blir det til store skade for vedkomande — endåtil for den som har*

forbrote seg mot lova, og kanskje ynskte seg eit falskt vitnemål for å koma fri, er det *sanne vitnemålet det beste*.

Derfor forbyr Gud falske vitnemål, og ved ein jordisk rett må vitna avleggja eiden på at dei skal vitna i samsvar med sanninga.

I det åttande bodet har ikkje Gud berre tenkt på vitnemål i ein jordisk rett, men det gjeld i alle høve der me uttalar oss om andre menneske. Det som blir sagt, er *eit vitnemål om det menneske som blir omtala*.

Falskt vitnemål høyrer til tunga sine synder. Guds ord seier at tunga er ein liten lem, og talar store ord, og som ein liten eld kan tenna ein stor brand, slik kan tunga få i stand ei verd av urett (Jak. 3, kap.) Tunga blir sett i brand frå helvete, og er full av dødens eit, ho er ein ustyrleg ting som men-

neske ikkje kan temja. Det som tunga set igang, det er ikkje godt å ta att eller gjera godt att. Derfor trengs det sårt at Den Heilige Ande får herredøme i hjarta og over tunga vår.

Når syndar me mot det åttande bodet?

Sladder, er vel den mest vanlege måte å synda mot dette bodet på. Når to eller fleire kjem saman eller møtest på veien, i selskap, klubb eller foreining, eller på annan måte, og andre menneske kjem på tale, er faren stor. Og me som kristne er så visst ikkje unntekne for denne faren, og for denne synda, når me kjem saman i venebesök, på såkalla kameratslege samvær, eller me som forkynnalar dreg frå stad til stad og heim til heim. Verst er det når me gløymer at Gud er den usynlege gjest og den tause tilhøyrar ved våre samtaler. Guds hjarta lid ofte over dei falske vitnemål han må høyra om andre menneske, om medkristne eller medarbeidrar. Fekk me Guds lys over denne synda, då ville der nok bli kō ved nådestolen.

Du spør kanskje om me ikkje har lov å omtala andre menneske. Jau, det har me nok, og det ser me Skrifta gjer. Men for det første må det me seier vera sant. Å bringa vidare noko me har høyr av andre, utan å vita om det er sant, det kjem inn under sladder — og kan vera å bringa vidare falskt vitnemål. Det er føre for at dei kvinnene som i eldre tider bar sladder frå gard til gard, som blei årsak til namnet «sladrekjerring», ikkje er ein utdøydd rase. Dei finst mange av ennå, både kvinner og menn, om enn i andre og meir tidsaktuelle former.

Urette og falske vitnemål er ei stor synd, også i det kristeloge arbeidet. Usann og falsk omtale av ein Guds ords forkynnalar, eller om andre arbeidsgreiner i Guds rike, for å hindra dei i den gjerning Gud også har kalla dei til, er ei grov synd mot dette bodet. Her er syndene store og mange blant vårt kristenfolk. Når eg har møtt disse falske vitnemåla, då har eg måtta undrast på at ikkje

kristne menneske veit at falske vitnemål er synd. Bruk ikkje og før aldri vidare det du høyrer frå andre, når du ikkje sjølv kjenner vedkomande og veit at det er sant. Du kan ellesvera med å formidla vidare falske vitnemål, som hindrar Guds gjerning og Guds evangelium mellom vårt folk.

Berre når du sjølv har hørt vedkomande, og ut frå Guds ord har kome til den sikre overbevisning at forkynninga er falsk og villfarande, har du rett til å åtvara folk mot å gå på møta. Men kom ihug at målestokken er Guds ord, og ikkje andre menneske sitt syn og meinigar. Her kan det lett gå deg som Saulus, du kan ein dag koma til å sjå at du stridde Gud imot.

I ein jordisk rett, må eit vitne sjølv ha sett eller hørt det det skal vitna om. Har det berre hørt det av andre og fører det vidare, vil det bli avvist og ubrukbart som vitne. Men i Guds rike blir slike vitne godtekne, brukt og ført vidare, sjølv om vitnet aldri har møtt, sett eller høyr tvedkomande som dei omtalar så frimodigt. Det er å bera falskt vitnemål mot nesten sin.

«Din munn slepper du laus med det som vondt er, og di tunga spinn ihop svik. Du sit cg talar imot bror din, du baktalar son åt mor di. Dette gjorde du, og eg tagde. Så tenkte du eg var liksom du sjølv, men eg vil straffa deg og setja det fram for augo dine. Gi akt på dette, de som gløymer Gud, so eg ikkje skal riva sund og ingen freler!» (Salme 50, 19—22).

Her treng me koma ihug Jakob sine ord : Men kvart menneske vere snar til å høyra, sein til å tala, sein til vreide, for ein manns vreide verkar ikkje det som er godt for Gud (Jak. 1, 19—20). Det vil seia snar til å høyra Anden og Ordet sin tale, men sein til å uttala seg om andre, og sein til å bera vidare det ein høyrer frå andre menneske og om andre menneske, for det verkar sjeldan det som er rett for Gud.

Sladder og range vitnemål mot nesten, trur

eg er ei av dei mest utbreidde synder mellom kristenfolket. Den blir sjeldan nemnt i forkynninga, og difor sjeldan erkjent som synd overfor Gud og mot nesten vår.

Guds folk, Israel, kom inn i ei tid då Gud ikkje lenger greip inn mellom dei til frelse og hjelp. Dei undrast då på om årsaka var at Guds øyra var for tunghørt, og Guds arm for kort til å frælsa dei, sidan han ikkje lenger høyrd deira bøner og greip inn til frelse. Då svara Gud at ikkje var øyra hans for tunghørt, og ikkje armen hans for kort, men det var syndene deira som hindra Gud frå å høyra bønene og frælsa dei. Dei syndene dei ikkje ville erkjenna som synd, og venda seg ifrå.

Me bed om vekking og ventar på vekking, utan å få svar. Eg undrast på om ikkje årsaka ligg i synda som får rom hjå oss. Synda me ikkje vil erkjenna og venda oss ifrå.

Å skriva eit godt vitnemål til ein me har i

arbeid som er mislika, for å bli fri vedkomande, eller i gleda over å bli fri han, det er å bera falskt vitnemål mot nesten sin. Det er synd mot Gud og hans bød, mot vedkomande og mot dei som får han i arbeid. Like mykje brot på bødet er å skriva eit dårligare vitnemål enn vedkomande er verd, på grunn av personleg antipati, misunning eller andre årsaker.

Gud hatar løgn, falskheit og urett, og han har dømt dødsdom for den synda som for alle andre synder. Løgnaren står serskilt nemnt i Guds ord, at han skal ikkje arva Guds rike, og at han skal bli utanfor på domens dag.

Men den som erkjenner og bekjenner si synd for Herren, og vender seg ifrå den, han finn miskunn og får nåde. Jesus har sona all synd ved sin død og sitt blod, og har vunne seg rett til å tilgi synd og oppreisa oss frå all urettferd.

A. Lid.

DOM

Bjørg Nord-Varhaug

Menneske, det kjem ein dom ! Ja, eg veit det, seier du, men er det noko å ropa så høgt om? Det har inga hast med å tenkja på det. Nei, eg vil seia til sjela mi : Unn deg ro ! Et, drikk og vær glad ! Du har mat liggjande for mange år ! Nyt nå livet medan du har det !

Men det er så laga at menneske lyt døy eingong, og sidan kjem *dom* (Hebr. 9, 27). Vert det ein alvorleg dom? Vert det streng straff? Du tenkjer kanskje at mange vil få strengare straff og hardare dom enn deg, for du har alltid levd så godt du har makt. Nei, gå heller til dei som velter seg i synda med dette skremmende ordet. Dei treng å høyra at det ventar dei ein dom ! Eg skal nok ordna meg i tide. Eg må berre få fred nå ei

tid til å ordna mine plikter her i verda. Akkurat nå passar det dårlig å tenkja på dette med evigheten.

I Jobs bok 34, 23 står : «Gud har ikke nødig å gi lenge akt på en mann før han må møte for Guds dom». Ingen veit dagen eller timen. Tenk om du ikkje var beredt når han kjem? Ja, tenkjer du, men er ikkje Gud kjærleg? Det er då han som skal døma. Han ser nok kor god meinig eg hadde med alt, og tilgjev dette at eg så lite tenkte på han. Tida rakk ikkje til meir.

Kva skal me så bli dømde for? Skrifta viser at me vert dømde etter vårt forhold til Jesus, om me trur på han eller ikkje. «Den som trur på han, vert ikkje dømd. Den som ikkje trur, er alt dømd, fordi han ikkje har

trutt på namnet åt Guds einborne Son» (Johs. 3, 18). «Det seier eg dykk for visst og sant : Den som hører mitt ord og trur den som sende meg, han hev æveleg liv og kjem ikkje for domen, men hev gjenge yver frå døden til livet» (Johs. 5, 24). «Den som trur på Sonen, hev æveleg liv. Men den som ikkje vil tru på Sonen, fær ikkje sjå livet, men Guds vrede vert verande yver han». (Johs. 3, 36).

Her skal våre gjerninger møta som vitne. Anten vitnar dei om at me trur på Jesus, eller så er dei vitne om at me er av dei som ikkje trur på Jesus her i livet.

Den som blir funnen utan trua på Jesus, og som derfor ikkje har sitt namn i livets bok, han blir dømt etter lova og sine eigne gjerninger, og domen vert rettferdig. Til sist vert han kasta i sjøen som brenn med eld og svovel (Openb. 20, 11—15).

Men har me trua på Jesus, er han vår kjæraste skatt, og er det han gjorde for oss nok for oss, vert me ikkje dømd men får gå inn til det evige livet. Kvar blir det så av lova sin dom og forbannelse? *Den har fått sin dom!* Straffa vart lagt på Han, så me skulle få fred, og ved Hans sår hev me fått lækjedom (Esa. 53). Kristus kjøpte oss fri frå forbanninga av lova, med di Han vart ei forbanning for oss. (Gal. 3, 13). «Så sank du i vår jammer ned, så dypt som ingen vet». Gud sende ikkje Sonen sin til verda for å døma verda, men så verda skulle verta frelst ved Han. «Hvor er vår synd, hvor er vår dom, hvor er vår straff og last? Når alt tilregnet ble Guds Lam, til korset naglet fast?»

Så finst det då inga fordøming for *dei som er i Kristus Jesus!* Du går fri. «Du gikk for meg en blodig sti, og jeg som skyldig var slapp fri». Dette kan du få lov til å tru og stole på, akkurat slik som du er nå. Han har gitt oss alt som tener til liv og guds frykt, i

den han elskar, i vår stedfortredar. Han har gjort oss rike på alt, ikkje i oss sjølv, men i Kristus! Han er mi rettferd. Han fører mi sak. Kven vil klaga Guds utvalde?

Kva slags dom skulle Talsmannen overtyda verda om? Denne verda sin første er dømt. Han vart overvunnen og kasta ut frå himmelen (Openb. 12, 103. Den han har salva har makta nå, for *klagaren mot brørne våre* er kasta ned, han som klaga dei for vår Gud dag og natt. Vår anklager har tapt sin makt. Han vart kasta ut frå anklagarplassen for Guds åsyn og ned på jorda i stor vreide. Nå har ein annan fått hans plass i himmelen : *Kristus — vårt liv.* «Jeg har en broder ved Guds side som alltid treder frem for meg». «Og oppvakt oss med Ham og sett oss med Ham i himmelen, i Kristus Jesns» (Efes. 2, 6)

Er det vranglære? Det er Guds ord! «Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal ingenlunne forgå.» (Luk. 21, 33). «Og jorden skal eldes som et klædebon, og de som bor på den skal dø som mygg. Men min frelse skal være til evig tid, og min rettferdighet skal ikke brytes» (Esa. 51,6). Klippen, Kristus, står om alt anna går under. «Ingen er så trygg for fare som Guds lille barneskare.» «Å, hvilken ære, for tanken altfor stor: Hans barn å være som i det høye bor.»

«Kall dei inn kvar stakkars syndar, Lammetts nattverd ventar dei. Å, i verda er så øyde, sæla er i himmelheim. Seg at Jesus på dei ventar, og han elskar dei ennå! Han vil gløyma deira synder. Liv og nåde skal dei få! Trette sjel, å kom! Fra villsom vei vend om! Jesus gir deg hvile. Trette sjel, å kom.»

«Må Herrens ånd ta dekket bort, så syndere kan se, at det som er ved Sønnen gjort, gjør sjelen hvit som sne!»

Det naturlige menneske

(Efes. 2, 1—3). Av Amund Lid

Bibelen, eller Gud sitt syn på det naturlege menneske, er heilt ulikt det synet som menneske har på seg sjølv. Eit forvendt og falskt syn på det naturlege menneske, det er hovudårsaka til at så få menneske blir frelst. Å erkjenna Bibelens syn på det naturlege menneske, som er det einaste rette og sanne, er ein *forutsetning for å bli frelst*.

I ordet som er vist til i overskrifta gir Gud oss eit sant syn på — eller biletet av — det naturlege menneske, slik Gud ser det.

Når me brukar ordet det naturlege menneske, så tenkjer me på eit menneske slik det blir født til verda, slik det er etter si medføide natur — før det blir frelst og gjenfødt ved trua på Jesus.

Først seier Bibelen at det naturlege menneske er dødt. Det vil seja at det er åndeleg dødt, ute av stand til å leva i samfunn med Gud. Kjærleiken til Gud er borte, trua, tiliten og truskapen mot Gud og hans ord er død og borte sidan fallets dag. Som eit dødfødt barn er ute av stand til å leva som menneske her på jorda, slik er eit menneske åndeleg dødfødt, ute av stand til å leva eit åndsliv i samfunn med Gud — slik Gud teikte det då menneske blei skapt.

I staden er det ført eigenkjærleg, så det elskar seg og sitt over alt, med frykt for Gud, med eit vantru hjarta, og ein eigenvilje som står i strid med Gud og hans ord, som går sin eigen veg etter kjøtet, lystene og tankane og eigen vilje, bot frå Gud. Dei vende seg kvar sin veg, etter sine eigne tankar, seier Guds ord om oss, og alle for me vilt.

For det andre viser Guds ord at det naturlege menneske etter si natur berre kan leva i synda og verda, under denne verda si ånd og denne verda sin fyrste og deira makt og herredøme. Det står at det naturlege menne-

ske lever i misgjerningar og synder. Det er av verda, og vandrar i verda, etter verda si ånd-tidsånda. Å vandra vil seja å ta steg for steg på verda sin veg, der kvart steg er eit steg i misgjerning og synd. Ikkje alltid etter menneskeleg syn og mål, for det lever mange menneske som lever eit godt og fint liv som menneske, i alle fall sett utanfrå. Og ære vere dei for det. Eit fint liv og gode gjerningar vil ikkje missa si løn, først i dette livet og truleg også på andre sida. For det står skreve at domen skal bli rettferdig, og at kvar skal få att etter det han har gjort ved lekamen her i livet, anten godt eller vondt. Den dagen vil nok ingen trega på det gode dei gjorde i livet. Men ingen blir frelst ved det gode me gjer, det blir me åleine ved trua på Jesus og det han har gjort for oss. Men sett med Guds auga, så er me vonde av natur og sinn, så alt det me er og gjer blir vondt.

Tidsånda, denne verda si ånd, den som nå verkar i vantrua sine barn, er av djævelen — denne verda sin fyrste og herre. Denne ånda merkar seg ut i det å vera lik dei andre, i det å ikkje merka seg ut på nokon måte, i mote og klæsdrakt, i tale, måten å leva på osv. Tidsånda gjer menneske havesjuke, nytesjuke, kravfulle, eit begjær som aldri får nok, storlæte i livnad, øyenslyst, og medan dei roser seg av å vera vise blir dei dårar.

Skrifta seier at for det naturlege menneske fell det naturleg å ferdast etter sine lyster, etter det det har hug til og er glad i, etter si vantru, fornuft eller eigen forstand, og det gjer det som kjøtet og tankane vil. «De som er døde i misgjerningar og synder, som de fordum ferdast i etter tida si ånd — denne verda si ånd — etter hovdingen over maktene i lufta, den ånda som nå verkar i vantrua sine barn, og mellom dei ferdast og me alle fordrom i

vårt kjøt lyster, med di me gjorde det som kjøtet og tankane ville, og var av natura vrei-dens barn liksom dei andre.» (Efes. 2, 2-3). Slik talar Guds ord om det naturlege menneske.

Ingen prøver på å læra eit dødfødt barn å leva. Men mange er dei som prøver på å få det åndeleg døde menneske til å leva som ein kristen. Det går an å læra eit slikt menneske til å be til Gud, lesa Guds ord og høyra Guds ord, gå til kyrkja og bedehus, gå til nattverd, tena og arbeida i menigheten osv. Mange lærer å forstå at det må ein omvendelse til, at dei må villa bli ein kristen, ta eit standpunkt for Jesus, bryta med verda og leva for Jesus. Mange er dei som har gjort dette, og har lært å leva som ein kristen, vitnar og forkynner, og er ivrige og nidkjære i Guds rikes arbeid på jorda. Mange gjer ein stor innsats her.

Livet kan bli omlagt frå det verdslege til det kristelege, anten på ein kristen skule, eller ved den kristelege verksemda. Men på tross av alt dette kan de iennå vera eit naturlegt menneske, som er framande for livet i Gud og utenom samfunnet med Jesus ved trua.

Jesus sa til Nikodemus: Det som er født av kjøtet, det er kjøt, og det kan ikkje sjå Guds rike eller koma inn i det (Johs. 3).

Så lenge som eit menneske ikkje er født av Anden, født på nytt, så lenge er det eit naturlegt, fordømt og fortapt menneske. Her er det ingen forskjell, anten me lever i open-berr synd eller i nidkjær tenesta for Gud, etter Guds ord.

«Fortapt, fordømt og forloret, se, det er min attest», syng sangaren.

Dette Bibelens syn på det naturlege menneske, protesterar dei fleste menneske mot. Dei vil ikkje vita av det, og dei går til angrep mot det. *Men det er like sant for det*, anten du trur det eller ikkje. Det gjer ingen for-

skjell. Men vil du bli frelst, så er der ingen veg utanom. Då må du erkjenna det, gi Gud rett, og søkja henn til Jesus. Han som kom for å leita etter det fortapte, og frelsa det. Evangeliet om Jesus stedfortredande død for oss, og hans blod som blei utrent til forlatting for syndene, det er det einaste middel som kan gjenfø eit naturleg menneske til liv og samfunn med Gud.

Så med håp

La ditt brød fare hen over vannet, for med tiden skal du finne det igjen. (Preik. 11, 1).

Det fortelles at da Julius Cæsar kom til Britanien med sine krigsvogner, førte han med seg, uten å vite det, frø fra Asien med sine krigsvogner. Noe av dette frøet fall i engelsk jord, og den dag i dag vokser det blomster og gras som nedstammer fra de frø vindan blåste omkring fra Cæsars vogner.

Alt bærer frø omkring — fugler, bier, susende vinder og stille luftninger. Således er det også med et gudfryktig liv. Det er meget fruktbart, og det sprer sædekorn viden om, som bærer megen velsignelse, selv om den som sår intet vet — på samme måte som Cæsar intet viste om de frökorn som lå gjemt i hans vogner og ble sått i Englands jord.

Sår en god sæd, da vil noe falle i god jord og gi en hellig høst, selv om en først ser det lenge etter.

La oss i alle fall være omhyggelig for, at selvsikkerhetens og uvennlighetens ugras hos andre mennesker, ikke kommer av det vi har sått.

Vi sår alltid, enten en god sæd eller en dårlig og ond sæd. Det kan vi ikke unngå. Der bor Ånd inne i enhver av oss. Denne ånd er alltid virksom og øver innflytelse til godt eller ondt på våre omgivelser, både når vi vet det og når vi ikke vet det, når vi taler og når vi tier.

Gud gi at den ånd som rår inne i meg må være en god ånd, Guds egen gode ånd! Når han får rå og styre i mitt hjerte og liv, da vil det alltid bli sått en god sæd, endå da når vi ikke tenker på å gjøre inflytelse på noen.

Johannes Brandzæg.